

Uskedalen G12 på tur til Haugesund og Stavanger.

25.06.2019



Gutar 12 få Uskedalen på Haugesund Station saman med trenar Jostein Grindhaug.

I vinter planla vi ein tur til Stavanger for å sjå på Viking. Vi sjekka om det var mulig å få tak i reisepengar fra sponsoren vår, Hardanger Rock. Anne Kristin Bondhus og Kjell Apeland i Hardanger Rock tente på ideen og gav oss det vi trøng for å kunna gjennomføra turen. Vi tok så kontakt med Lars Johan Myklebust som jobbar i Viking. Han driv med utvikling av barnefotballen i Rogaland.

Vi har hatt kontakt med FKH i Haugesund ved ansvarlig for trenerløftet, Klaes Rasmussen. Vi prøvde også å få til ein kamp mot eit lag i Stavanger, men Sørocup i Kristiansand starta denne helga. Så det fekk vi ikkje til. Laudag morgen reiste 9 gutter og 3 voksne til Haugesund for omvisning på Haugesund Stadion med Utviklingsleder i FKH, Søren Lykke. Han viste oss rundt og vi fekk og koma inn på banen.



Uskedalen G12 møter Lars Johan Myklebust ved Viking Station.

Så reiste vi til Vea Hallen på Karmøy og såg A-laget til FKH. Dei hadde ei øving som gutane kjente seg igjen i, spel inne i ein firkant der nokon skal ta ballen fra dei andre. Men gutane syntes at firkanten var så liten. Detta høyrde Josten Grindhaug, trenaren til FKH, og han kunne då fortelja dei at dei hadde gjort firkanten litt stor i dag. Han lurte også på kven vi var, og syntes det var synd at det ikkje var noko anna opplegg laga til for oss. Så han lagde ein liten bane slik at vi kunne spela ein kamp 5 mot 5.

Han hadde med seg ein slektning på gutane sin alder. Så kamp blei det med Jostein Grindhaug i eine målet og eg i det andre. Det blei ein heilt anna intensitet over det enn kva gutane var vante med heima. Etterpå blei det autografsamling, og FKH spelarane stillte velvillig opp.

Så sette vi kursen mot Stavanger der vi skulle overnatta på hotell. På hotellet fann vi ut at laget til Bodø Glimt også budde. Så vi såg damelandskampen til Norge på storskjerm saman med trenarteamet til Bodø Glimt.

Søndagen starta med trening klokka 10 ved sida av Viking Stadion. Det var Lars Johan som tok seg av dette. Han hadde også med seg nevøen sin, Sebastian, som trente saman med gutane.

Etter treninga skulle vi møta Lars Johan igjen for omvisning. Vi var litt tidlige og stilte i dei nye flotte gensarane vi fekk av Brødrene Musland maskin. Det var bra for det var ikkje ballgutar til denne kampen, så vi fekk jobben. Det var eigen garderobe til dette oppdraget..Det var nok mange spente foreldre som sat og følgde med kampen på tv.

Etter omvisning på stadion og garderobane fekk vi stå ved spelarinngangen og samla autografer. Det var nok Johnny Furdal som måtte skriva mest.

Så måtte vi ut på banen og leggja ut Fair Play flagget, og få instruksjon om ballgutt jobben.

Før kampen ropte speaker opp kor vi kom frå. Denne kampen blei også første kampen for Johnny Furdal i eliteserien for Viking.

Denne turen har overgått alt vi kunne planlagt eller håpa på. Gutane har fått eit skikkelig fotballmessig påfyll. Takk til Hardanger Rock for midlar til denne flotte turen. Takk igjen til FKH, Viking og Lars Johan Myklebust. Sist men ikkje minst takk til Anne Kristin Bondhus og Line Soltveit som kjørte og var med og hjelpte til.

Einaste minuset ved turen var at begge laga vi besøkte på desse to dagane, tapte sine kampar

Her kan du sjå ein snutt av gutane:

<https://www.vg.no/sport/fotball/i/50o3nK/patrick-berg-21-starter-mot-viking>

Tekst/foto: Trond Myklebust trenar Uskedalen G12
Nett: Kristian Bringedal - innlegget er litt nedkorta



Fotballgutane frå Uskedalen legg ut Fair Play flagget på Viking Stadion.